



Knut-Einar Moldekleiv  
Holmeknappen 27 B  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/3466 - 20/29015

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
18.05.2020

## Avvist klage - gbnr 310/160 Holme

**Administrativt vedtak:** Saknr: 517/20  
**Tiltak:** endringsløyve for plassering av to bustader i rekke  
**Byggjestad:** Gbnr: 310/160  
**Tiltakshavar:** Knut-Einar Moldekleiv  
**Ansvarleg søkjar:** Knut-Einar Moldekleiv

### VEDTAK:

**Klage på gebyr, datert 06.05.20, vert avvist med heimel i fvl § 33, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd siste setning.**

### Saksutgreiing:

Kommune viser til klage, datert 06.05.20, over kommunens krav på gebyr knytt til vedtak om endra plassering av to bustader i rekkje, datert 31.01.20 i sak 20/3466.

Gebyret såg slik ut:

#### Gebyr for sakshandsaming:

Vedtak – GBNR-310/160, FA-L42, HistSak-14/3328  
Administrativt vedtak. Saknr. 20/3466 DS 129/20  
Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning vert det følgjande gebyr i saka:

Søknadspåttige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
10.2.10	Delt sakshandsaming, endringsløyve	1	3.400	3.400
<b>Totalt gebyr å betala:</b>				<b>3.400</b>

Klagar viser til tidligare korrespondanse med Byggesak avd. og e-posten av 22.09.16:

Jeg viser til dagens telefonsamtale og bekrefter opplysningen fra meg om at kommunen ikke vil kreve gebyr for dispensasjonsbehandlingen knyttet til avstand fra nabogrense. Dette begrunnet i omstendighetene i saken og en konkret rimelighetsvurdering. Formelt ser jeg at gebyrregulativet vårt kun åpner for gebyrfracfall etter søknad fra dere som tiltakshavere og jeg oppfatter samtalen som en søknad om gebyrreduksjon til kr 0,-.

### **Her ligg det føre avtale om at det ikkje skulle takast gebyr for dispensasjonshandsaming.**

#### **VURDERING:**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå.

Det vart vurdert tidlegare i saka at tiltakshavar ikkje skal betale dispensasjonsgebyr etter plan- og bygningslova (pbl) kapittel 19, men det er ikkje sagt noko om at han ikkje skal betale nødvendig sakshandsamingsgebyr etter pbl kapittel 20 for tida brukt for sakshandsaming av endringssøknaden. Kommunen fakturerte ikkje for dispensasjonsgebyr slik som det vart skrive i e-posten i 2016. Det er fakturert for handsaming av søknad etter kapittel 20.

Alver kommune sitt gebyrregulativ er vedtatt som ei lokal forskrift og er rettsleg bindande for administrasjonen si fastsetting av gebyr for sakshandsaming. Regulativet pkt.10.2.10 angjev gebyret for endringssløyve.

I dette tilfelle vart søknaden mottatt i 2019 og gebyr er fakturert etter dåverande gebyrregulativet for Meland kommune av 2019 for tida brukt på sakshandsaminga, kr. 3400,-.

Til orientering opnar gebyrregulativet for at det kan søkjast om redusert gebyr, jf. regulativet pkt 4.10. Fristen for å søkje er 3 veker etter at fakture er motteke. Ettersom klage/søknad om redusert gebyr kom etter denne fristen, finn ikkje administrasjonen grunnlag for å ta stilling til redusert gebyr etter pkt 4.10.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klagerett:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på faktur 050000032 GBNR 310/160 Holme  
faktura-50000032

**Mottakarar:**

Knut-Einar Moldekleiv

Holmeknappen 5918  
27 B

FREKHAUG